

Nordhordland Skogeigarlag

v/Sigvard Hopland

Nesbrekka 2

5912 SEIM

Seim 10.november .2015

Lindås kommune

v/Næringsssjefen

**5914 ISDALSTØ**

## **SØKNAD OM TILSKOT OVER NÆRINGSFONDET TIL UΤBYGGING AV TØMMERKAI PÅ EIDSNES,**

Syner til tidlegare sendt søknad om støtte til dette prosjektet som er vorte sett på vent i Lindås kommune som er grunngjeve utifrå at det ikkje har lagt føre ein sikker kostnad for utbygging av kaien. No har kaien for tredje gong vore ute på anbod og i førre veke vart kontrakt om bygging av kaien underteikna og vi reknar med oppstart av arbeidet ein av dei første dagane. Søkjer med dette Næringsforndet om eit tilskot til utbygginga på 600.000 kroner

### **Bakgrunn**

Nordhordland Skogeigarlag (NSL) er eigar av gnr 244 bnr 267 og 36 Eidsnes i Lindås kommune. Denne eigedomen vart innkjøpt på slutten av 60 åra for å sikra areal med tanke på dei store mengdene med tømmer som ville koma 50 – 60 år fram i tid. Som ein konsekvens av dei store plantningane som var på desse tider. Det dei såg då, var viktigheita av å ha eit sjønært område for treforedlingsverksemد og utskiping av tømmer. Val av Eidsnes vart gjort utifrå ein analyse over Nordhordland, over kvar ein kunne finna den mest gunstige plasseringa, med tanke på transportavstandar. Eigdommen har eit areal på 60 dekar. Over tid har no Skogeigarlaget fått bygd veg ned til området og har ein djupvasskai som i dag har ein kai front på 60 meter.

Vi ser no ein stadig aukande hogst av kulturskog, og vi er berre i starten. Slik situasjonen er no, må ein stor del av dette må skipast ut til sagbruk og treforedlingsindustri i Norge og Europa. Transportkostnaden er vesentleg, og det må vera frå ein stad der ein kan ta mot store mengder av ulike sortiment og store båtar. Å ha ein god infrastruktur og logistikk er vesentleg for konkurranseskrafta i skogindustrien. Skogbruk er ei framtidsnæring – med tanke på at dette er ein fornybar ressurs og investeringa vil gjere nytte for seg i lang tid framover.

Prosjektet har eit stort geografisk nedslagsfelt. Kaien vil dekka heile Nordhordlandsregionen og i tillegg vil det nok vera naturleg at delar av tømmervolumet i Bergen, Osterøy, Modalen/Eksingedalen vil gå over denne kaien.

### **Nytte av kaien for skogbruket**

Som nemnd ser ein konturane av dei volum med tømmer som vil koma og i området som kaien vil dekka vil det nok verta avvirkja i ein 25 års periode om lag 1,5 - 2 millionar m<sup>3</sup> tømmer. Frå Lindås vil det koma 6 – 700.000 m<sup>3</sup> og dette er forsiktige tal ut frå dei beregningar for tilvekst som ein har.

### **Søknaden**

Då det over revidert statsbudsjett vart løyvd pengar til utskipingskaiar for tømmer i 2012 fekk Nordhordland Skogeigarlag utarbeid planteikning og kostnadsoverslag og sende søknad om midlar til Statens landbruksforvaltning for utviding av kaien. Det kom inn mange søknader frå heile kysten, men dette prosjektet vart då plukka ut som eit av dei 5 som det vart gjeve tilsegn til. I løvvingsbrevet som kom då står det at prosjektet ikkje er full finansiert, men dette skulle ein koma tilbake til om det vart gjeve ytterlegare løyvingar i 2013. Då løyvinga for 2013 vart fordelt, vart den endelige løyvinga til Eidsnes på 15.214 000 kroner. (Eller opp til 80% av kostnaden)

Det er her å merka at Innovasjon Norge avd for Tre og Samferdsel ønskte eit prosjekt som gjekk ut på å bygga ein industrikai i tre og kom med førespurnad om dette kunne la seg realisera på Eidsnes, noko som skogeigarlaget sa seg interessert i. Det vart prosjektert og lyst ut på anbod og kostnaden kom på litt i overkant av 19 millionar noko som kunne utløyst 15.214.000 kroner. No skreiv departementet og i løvvingsbrevet at val av byggematerialar måtte ikkje gå på bekostning av andre og for å få klarheit i det måtte ein ta nye rundar med prosjektering og anbodsroundar.

Anboden er no kome på bordet og kontrakt om bygging er underteikna og prisen for sjølve bygginga vil vera på litt i overkant av 12 millionar kroner, men i tillegg vil det vera kostnader med prosjektering, byggeleiing og det må og leggast asfalt på eit område bak kaien. Ut frå dette må ein rekna ein total kostnad på 13 millionar kroner.

### **Finansieringsplan**

Departementet har gjeve tilсagn om å dekka 80% av kostnaden med kai utbygginga.

### **Kommunale bidrag**

Nordhordland Skogeigarlag, har sendt førespurnad om tilskot til alle kommunane i Nordhordland og i tillegg til Hordaland Fylkeskommune der ein Ba dei om å vera med på dette spleiselaget. Alle kommunane har gjeve positive tilbakemeldingar der dei og har gjeve tilsegn om løyving for å få dette prosjektet fullfinansiert.

## **Finansiering**

Kommune	Løyving	Volum tømmer i perioden (m <sup>3</sup> , 25 år)
Lindås kommune	600.000 kr ?	700.000
Nordhordlandskommunane inkl Modalen, Osterfjord	210.000 kr	1.000.000
Hordaland Fylkeskommune	1.000.000 kr	
Landbruksdirektoratet	10.400.000 kr	
Nordhordland skogeigarlag	790.000 kr	
Sum	13.000.000 kr	

## **Næringsutvikling**

Eit slikt prosjekt kan bidra til en meir konkurransedyktig skogindustri i heile Nordhordland/Hordaland.

Det vil også gjere det lettare for nye aktørar å etablera seg i skognæringa, noko som kan resultera i nye arbeidsplassar i Nordhordland. Kaien vil også danna grunnlag for at andre næringar kan nyta ledig utskipingskapasitet .med inn og utskiping over kaien. Det er i dag samarbeid med Nordhordland Næringspark og vi er nokså sikre på at den gode dialogen vi har hatt med dei, har hjelpt til, slik at dei no er i gang med tilrettelegging av området dei er eigar av. Ein er og nokså sikker på at når voluma med tømmer på vestlandet verkeleg vil koma, så vil Eidsnes vera den best mogelege staden for trebearbeidane industri.

Ambisjonar og moglegheiter for næringsutvikling i ei slik sak er definert til å være høg.

## **Miljøeffektar**

Som eit miljøpolitiske verkemiddel legg nasjonal transportplan opp til å få meir varetransport frå veg og over på kjøl. Med ei så sentral plassering som denne kaien har, vil ein og oppnå forholdsvis kort avstand frå stubbe til kai.

Ein må og ha i tankane at auka bruk av tre og aktiv stell av av skogen er av FNs klimapanel lista opp som eit av dei viktigaste tiltaka ein har for å endra den negative klima utviklinga ein har. Her vil etter vårt syn ein god og tenleg kai som kan gje ein rimeleg logistikk for utskiping og kan hende tømmer inn for foredling vera eit godt hjelpemiddel.

Vonar no på ei rask og positiv tilbakemelding.

Med helsing



Sigvard Hopland

Leiar av Nordhordland skogeigarlag